Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

283 Musikkformidling

Individuell midtprøve hausten 2006

Tid:	14.11.06 – 15.12.06
Målform:	Nynorsk/bokmål
Sidetal:	Oppgåva har ei ramme på 3000 – 3500 ord, det vil seie 8-9 sider med 12 ptk skrift og 1.5 linjeavstand, ekskludert illustrasjonar. Vedlegg og litteraturliste kjem i tillegg.
Hjelpemiddel:	Alle
Merknader:	Oppgåva leverast i 2 eks på eksamenskontoret innan kl. 14.00 fredag 15.12.06. Studenten må sjølv finne kandidatnummeret og føre det på oppgåva.

Eksamensresultata blir offentliggjort på nettet, via Arena høgskole. I tillegg finn du eksamensresultatlister på utsida av eksamenskontoret, men da treng du kandidatnummeret ditt.

Individuell midtprøve i arrangering

Nynorsk

I Stortingsmelding nr. 48, *Kulturpolitikk fram mot 2014* står det følgande om lokale arrangørar:

"Den lokale arrangørleden har tre hovudoppgåver; å setje saman eit kunstnarleg program (programmering), marknadsføring/sal og teknisk gjennomføring av konsertar. Alle tre oppgåvene stiller stadig utvida krav både til kompetanse og menneskelege og økonomiske ressursar." (s. 127)

Lag eit konsertkonsept (programmering) og deretter ein framdriftsplan for gjennomføring av dette konseptet.

Sett opp budsjett for konserten. Gje eit oversyn over ulike aktuelle støtteordningar for konsertarrangering. Drøft dei ulike ordningane i lys av det aktuelle konsertkonseptet og grunngje kva for ordningar som vil vere aktuelle å søkje i ditt tilfelle.

Grei ut om og drøft moglege vanskar som kan oppstå i samband med førebuing og avvikling av konserten.

I oppgåva skal du knytte an til offentlege styringsdokument og utgreiingar som tek føre seg musikkfeltet.

Lukke til!

Individuell midtprøve i arrangering

Bokmål

I Stortingsmelding nr. 48, *Kulturpolitikk fram mot 2014* står det følgende om lokale arrangører:

"Den lokale arrangørleden har tre hovudoppgåver; å setje saman eit kunstnarleg program (programmering), marknadsføring/sal og teknisk gjennomføring av konsertar. Alle tre oppgåvene stiller stadig utvida krav både til kompetanse og menneskelege og økonomiske ressursar." (s. 127)

Lag et konsertkonsept (programmering) og deretter en framdriftsplan gjennomføring av dette konseptet.

Sett opp budsjett for konserten. Gi en oversikt over ulike aktuelle støtteordningar for konsertarrangering. Drøft de ulike ordningene i lys av det aktuelle konsertkonseptet og grunngi hvilke ordninger som vil være aktuelle å søke i ditt tilfelle.

Grei ut om og drøft mulige vanskeligheter som kan oppstå i forbindelse med forberedelse og avvikling av konserten.

I oppgaven skal du knytte an til offentlige styringsdokument og utredninger som tar for seg musikkfeltet.

Lykke til!